

Høyringsvar om *kvalitet og kapasitet i Sunnfjord-skulen*, med særleg vekt på tiltak D

Om høyringsvaret

Dette høyringsvaret er sett saman av tre delar. Først kjem ei kort samanfating av høyringsvaret, inkludert eit oversyn over dei ulike konsekvensane eg vil peike på utover i dokumentet. Deretter går eg gjennom dei nemnde konsekvensane, før eg til slutt gjev nokre overordna merknader til skulestruktursaka.

Kort samanfating av høyringsvaret

Konsekvensane av å leggje ned ungdomssteget på Skei og flytte elevane til Vassenden vil generelt vere uakseptable og uforholdsmessige, og i ein del tilfelle vil konsekvensane vere direkte uforsvarlege. Følgjeleg må Skei skule framleis vere ein 1–10-skule, og tiltak D må leggjast daudt.

I saksunderlaget for tiltak D er berre nokre få av konsekvensane ved tiltaket nemnde, og dei som er nemnde, er ikkje fyllestgjerande utgreidde. Det meste av dette høyringsvaret vil derfor dreie seg om å gjere nærare greie for ei rekkje slike konsekvensar.

Hovuddelen av høyringsvaret, som går gjennom konsekvensane av tiltak D, er strukturert slik:

1 Reiseavstandane frå Skei skulekrins til Vassenden skule er generelt uhaldbare og til dels direkte uforsvarlege

1.1 Reisetida frå Stardalen er direkte uforsvarleg

1.2 Reisetida frå Skei er urimeleg, uforholdsmessig og uakseptabel

2 Konsekvensar for elevane

2.1 Tiltak D vil hindre elevane i å få nok søvn og kvile

2.2 Tiltak D vil svekkje elevane sin motivasjon, trivsel og føresetnader for læring

2.3 Tiltak D vil svekkje elevane sitt høve til å delta på fritidsaktivitetar

2.4 Tiltak D vil gå ut over elevane sitt sosiale liv

2.5 Tiltak D vil gå ut over elevane sitt familieliv

2.6 Tiltak D vil føre til at ingen ungdommar frå Skei skulekrins kan gå eller sykle til skulen

2.7 Tiltak D vil føre til meir fråvær og dårlegare undervisningstilbod for elevane ved store nedbørsmengder og fare for ras og flaum

2.8 Tiltak D vil utsetje elevane for rasfarleg skuleveg

2.9 Tiltak D vil vere ein risiko for elevane si fysiske og psykiske helse på kort og lang sikt

3 Konsekvensar for lokalsamfunnet, ungdomsmiljøet og frivillig sektor

3.1 Tiltak D vil avfolke Stardalen

3.2 Tiltak D vil gjere Skei til ein langt mindre attraktiv stad å busetje seg og lage ungar

3.3 Tiltak D vil truge deltakinga i – og i ytste konsekvens eksistensen av – ei rekkje kultur- og fritidstilbod, både på Skei spesielt og i Jølster generelt

3.4 Tiltak D vil undergrave den frivillige innsatsen på og rundt Skei generelt

4 Konsekvensar for næringslivet og landbruket

4.1 Tiltak D vil gjere det vanskelegare for lokalt næringsliv å trekkje til seg arbeidstakarar til Skei og dermed til Sunnfjord

4.2 Tiltak D vil avgrense høvet lokalt næringsliv har til å gje lokale ungdommar deltidsarbeid

4.3 Tiltak D vil svekkje viktige landbruksområde

5 Konsekvensar for tilsette

5.1 Tiltak D vil føre til ei rekkje negative konsekvensar for tilsette som mister arbeidsplassen sin

6 Konsekvensar for kommunen

6.1 Tiltak D vil bidra til at kommunen mister viktig kompetanse

6.2 Tiltak D vil avvike ein velfungerande ungdomsskule

6.3 Tiltak D vil svekkje ein velfungerande barneskule

6.4 Tiltak D vil forsterke den negative barnetalsutviklinga i kommunen

6.5 Tiltak D kan føre til auka sosiale kostnader på sikt som følgje av svekt folkehelse

6.6 Tiltak D kan svekkje beredskapen og tunneltryggleiken

Sidan lista over ulike konsekvensar er lang, understrekar eg at det er konsekvensane for elevane som bør vege tyngst i denne prosessen. Når eg likevel bruker ein del plass på konsekvensar for lokalsamfunnet, næringslivet, kommunen og så bortetter, er det fordi dei høyrer med om avgjerda i saka skal fattast på eit opplyst og fullstendig grunnlag, jamvel om omsynet til elevane er det som må vere aller viktigast.

Konsekvensar av tiltak D

Til grunn for tiltak D og tilrådinga av dette tiltaket ligg eit saksunderlag som dessverre er mangelfullt. Dels handlar det om at relevante og jamvel ganske opplagde konsekvensar av tiltaket ikkje er nemnde, og dels handlar det om at dei konsekvensane som *er* nemnde, ofte er nemnde i nedtonande vendingar og lite fyllestgjjerande omfang.

På bakgrunn av dette finn eg grunn til å stille spørsmål ved om effekt- og konsekvensmatrisa for tiltak D verkeleg kan vere riktig vurdert. Dei økonomiske effektane skal eg overlate til andre å uttale seg om, men konsekvensnivået verkar i alle høve til å vere klart undervurdert, særleg med tanke på den omfattande reisevegen mange elevar vil få, og med tanke på konsekvensane tiltaket vil ha for lokalsamfunnet på Skei og i områda rundt. Den svært sparsame omtalen av alle desse konsekvensane i saksunderlaget tyder då òg på at konsekvensane – og dermed det samla konsekvensnivået – er nettopp undervurdert.

I det vidare vil eg derfor gå gjennom eit relativt fyldig – men ikkje uttømmende – utval av konsekvensar som vil følgje av tiltak D.

1 Reiseavstandane frå Skei skulekrins til Vassenden skule er generelt uhaldbare og til dels direkte uforsvarlege

1.1 Reisetida frå Stardalen er direkte uforsvarleg

I saksunderlaget for tiltak D står det:


«Ungdomsskuleelevane som bur lengst inne på Fonn får ein avstand 43,1 km. Dersom dei tar buss til Skei, byter buss (5 min), og får direktebuss til Vassenden skule, vil reisetida bli om lag 85 minutt. Då er ikkje tida eleven brukar på å gå til og frå bussen medrekna.»

Før eg kjem inn på nærare vurderingar av reisetida, lyt det vere avklart kor lang avstand skulebussen faktisk skal køyre. Dei 43,1 kilometrane kommunen oppgjev, gjeld dersom ein køyrer privatbil utan avstikkarar. Skulebussen mellom Fonn og Skei har derimot, som det går fram av rutevisninga til Skyss, gjere avstikkarar både på Befring og Klakegg. Desse omturane er høvesvis 3,3 og 0,6 kilometer lange, til saman 3,9 kilometer. Legg vi det saman med kommunen sitt tal på 43,1 kilometer, vil det seie at den reelle bussavstanden frå Fonn til Vassenden skule blir minst 47 kilometer.


Merk: Turteljaren stoppar på 47 kilometer berre dersom elevane frå Stardalen faktisk får direktebuss vidare til Vassenden frå Skei. Dersom dei – anten frå starten av, eller etter nokre år, som følge av ytterlegare innsparingar – må følge ei ordinær skulebussrute langs Jølstravatnet, med avstikkarar via Årdalen, Ålhusdalen og Svidalen (til saman 10 kilometer ekstra), kan den reelle reiseavstanden til ungdomsskulen på Vassenden summere seg til 57 kilometer.

Til samanlikning nemner eg nokre tilsvarande (grovrekna) distansar innanfor og på tvers av kommunegrensa:

- Førde–Guddalen: 42 kilometer
- Naustdal–Hyen: 51 kilometer
- Bygstad–Storebru: 48 kilometer
- Vassenden–Sande: 41 kilometer
- Erdal–Dale: 46 kilometer
- Moskog–Vadheim: 46 kilometer



Figur 1: Skulebusstraseen frå Fonn til Skei har ein 3,3 kilometer lang avstikkar på Befring. Skjermbiletet er henta frå reiseplanleggjaren på skyss.no.




Figur 2: Skulebusstraseen frå Fonn til Skei har ein drygt 0,6 kilometer lang avstikkar på Klakegg. Skjermbiletet er henta frå reiseplanleggjaren på skyss.no.

- Langhaugane–Kvammen: 47 kilometer
- Førde–Stongfjorden: 48 kilometer

Sjølv om vi ser bort frå kommunegrensene som nokre av desse strekningane kryssar, er det ikkje lett å førestille seg at kommunen skulle sjå nokon av dei som aktuelle skulebussruter.

Til vidare samanlikning tillèt eg meg å presentere eit enkelt kartoversyn over ungdomsskulane i Sunnfjord kommune:



Figur 3: Kart over Sunnfjord kommune med markørar for dei sju noverande ungdomsskulane i kommunen. Som det går fram av figuren, ligg fem av desse innanfor ein radius på 15 kilometer, der den reelle køyreavstanden heller ikkje er så veldig ulik luftlinjeradiusen. Likevel er det dei to siste (sjå pilene) som er føreslått nedlagde i tiltak D, jamvel om dei ligg milelangt unna. (Eventuelle skulebussraserar frå høvesvis Fonn og Mjell til Vassenden (og Førde, jf. tiltak I) er markerte i raudt.) Kartet er henta frå Kartverket, med nokre grafiske tilretteleggingar av undertekna.

For å setje reiseavstandane ytterlegare i perspektiv viser eg til Lånekassen sin omtale av kriteria for borte-buarstipend til elevar på vidaregåande skule:¹

«Borte-buarstipend er for deg som ikkje kan bu heime medan du går på vidaregåande. [...] Du kan berre få borte-buarstipend dersom [...] det er 40 km eller meir mellom heim og skole, eller [...] du bruker tre timar eller meir om dagen på å reise til og frå skolen [...] Borte-buarstipend er berre for elevar som tar vidaregåande [og] er under 21 år [...]»

Kilometertala mellom Fonn og Vassenden skule er gjorde greie for ovanfor. Ser vi dei opp mot kriteria for borte-buarstipend, kan vi gjere dei følgjande utrekningane:

- Legg vi kommunen sitt tal på 43,1 kilometer til grunn, altså utan å rekne inn nokon av avstikkarane på Klakegg og Befring eller langs Jølstravatnet, vil grensa på 40 kilometers avstand gå ein plass mellom Haugen og Åmot.
- Reknar vi med avstikkarane på Klakegg og Befring, blir avstanden frå Fonn til Vassenden skule 47 kilometer. Då vil 40-kilometersgrensa gå omtrent rett vestanfor Veiteberg, som ligg

1 Lånekassen – Borte-buarstipend: <https://lanekassen.no/nn-NO/stipend-og-lan/noreg/vidaregaande-skole/vidaregaande-skole/borte-buarstipend/>

ganske midt i Stardalen.

- Skulle det i tillegg bli slik at stardølingane må følgje ei ordinær rute langs Jølstravatnet via Årdalen, Ålhusdalen og Svidalen, blir avstanden 57 kilometer. Då vil 40-kilometersgrensa vere nådd allereie på Klakegg, slik at heile Stardalen ligg utanfor.

Her kunne eg prøvd å rekne på kva utslag dei ulike alternativa vil gje i reisetid, men eg skal avgrense meg til å repetere at kommunen, jamfør sitatet frå saksunderlaget ovanfor, legg til grunn at ei løysing med vanleg skulerute frå Fonn til Skei og direktebuss vidare vil ta 85 minutt *før* ein reknar tida eleven bruker på å gå til og frå bussen. Sjølv med svært knappe gangtidsestimat vil reisetida då bikke 90 minutt kvar veg, og dermed 3 timar til saman – kvar dag. Det er langt over den fylkeskommunale maksnorma på 75 minutt, som i seg sjølv er i drygaste laget av kva ein bør kunne påleggje ungar heilt ned i 12-årsalderen. Og skulle direktebussløysinga frå Skei til Vassenden ryke, vil den samla reisetida frå Fonn auke ytterlegare, og 3-timarsgrensa vil flytte seg langt nedover dalføret på same måte som 40-kilometersgrensa.

Det vil seie at sjølv om vi legg dei mest konservative estimata til grunn, ville ein god del av ungdomsskuleelevane i Stardalen hatt rett til bortebruarstipend for å bu på hybel dersom dei var 20 år gamle og gjekk på vidaregåande skule på Vassenden. Samfunnet har med andre ord erkjent at det er urimeleg å tvinge 20-åringar til å reise denne distansen med buss kvar dag, og har innretta seg med støtteordningar deretter. Det kan ikkje vere kontroversielt å påpeike at smertegrensa openbert må liggje vesentleg lågare for elevar i ungdomsskulealder.

For å oppsummere: Elevane frå Stardalen vil få ei reisetid til Vassenden som ikkje berre er uakseptabel og utanfor fylket sine normer, men som jamvel er langt forbi kva som kan forsvarast. Sidan konsekvensane av reiseavstandane er gjorde greie for i punkt 2.1–2.9 nedanfor, avgrensar eg meg her til å konkludere med at reisetida frå Stardalen til Vassenden vil vere direkte uforsvarleg.

1.2 Reisetida frå Skei er urimeleg, uforholdsmessig og uakseptabel

Både i saksunderlaget og i skulestrukturordskiftet elles har omtalen av reiseveg knytt til tiltak D – rimelegvis – handla mest om dei elevane som får den aller lengste reisevegen. Samstundes bør kommunen vere klar over kva slags reisetider ei nedlegging av ungdomstrinnet på Skei kan påføre ungdommane i resten av Skei skulekrins. Dette er ikkje omtalt i det heile i saksunderlaget.

Frå Skei skule til ungdomsskulen på Vassenden er det drygt 24 kilometer å køyre bil direkte. Langs skulebusstraseane via Årdalen, Ålhusdalen og Svidalen blir det, som nemnt ovanfor, ytterlegare ti kilometer. Merk at denne ekstra mila ikkje går på nokon europaveg med 80-sone; i sidedalane langs Jølstravatnet må skulebussen forsere smale og bratte grendevegar med tronge tun og variabelt asfaltdekke. Det tek si tid.

Vi veit ikkje korleis eit eventuelt rutetilbod mellom indre Jølster og Vassenden skule vil bli dersom kommunen vedtek tiltak D. Eg registrerer at det blir spekulert på det, men kommunen bør basere langsiktige vedtak på fastare grunn enn som så.

Det vi derimot veit, og såleis kan rekne litt vidare på, er at strekket Skei–Vassenden per i dag er delt på to skulebussruter i kvar si retning. Når bussane greier å halde rutetabellen, skal dei etter

ruteplanen bruke høvesvis 36 minutt frå Hegrenes til Skei skule, og 30 minutt frå Borgja til Vassenden skule. Tillat meg å visualisere dette ved å sakse frå reiseplanleggjaren til Skyss:


Frå **Borgja, Sunnfjord**

Til **Vassenden skule, Sunnfjord**

☒ Avreise ☐ Framkomst

Tysdag 11.02.25 08 15

Nullstill søk Fleire val



Figur 4: Skjermbilete frå skyss.no som viser traseen og tidspunkt for avgang og framkomst for rute 272 frå Borgja via Ålhusdalen og Svidalen til Vassenden.


Frå **Hegrenes, Sunnfjord**

Til **Skei skule, Sunnfjord**

☒ Avreise ☐ Framkomst

Tysdag 11.02.25 08 00

Nullstill søk Fleire val



Figur 5: Skjermbilete frå skyss.no som viser traseen og tidspunkta for avgang og framkomst for skulebussen frå Hegrenes til Skei skule. (Hegrenes ligg strengt teke i Vassenden skulekrins, men er teke med som utgangspunkt for ruta for å få med den faktiske reisetida mellom Ålhus og Årdalen i reknestykket. Skulebussen som går til Skei frå nordsida av vatnet, er ei tilpassing av rute 100 frå Førde til Nordfjordeid, som elles på dagen køyrer direkte langs E39 utan avstikkaren inn til Erikstad i Årdalen. Haldeplassen Hegrenes ligg elles eit steinkast frå haldeplassen Borgja, så avstanden mellom desse er ikkje tekne med i reknestykket.)

Den samanlagde køyretida for desse to rutene er 66 minutt. Skulle Skyss greie å knipe inn nokre minutt i ei ny, samla skulebussrute frå Skei til Vassenden, vil køyretida likevel kunne bli rundt ein times tid. I tillegg lyt vi rekne inn tida frå heimen til haldeplassen, og frå siste haldeplass til undervisningsstart, jamfør føringane i lovforarbeida til opplæringslova.² Det skal ikkje leggjast til mange minutt i kvar ende av sjølve bussturen før vi allereie ligg an til å krysse 75-minuttsgrensa for den samla reisetida. I alle høve vil det vere snakk om godt over to timars samla reiseveg per dag. Ikkje for «enkelte elevar i utkantane», men for mange titals ungdomsskuleelevar frå Skei og områda rundt.

Elles, i fall det skulle vere nødvendig å opplyse om, kan eg nemne at ein stor del av elevane på Skei bur i byggjefelta som ligg utover frå Skei mot Kjøsnes, det vil seie Viken, Ospene, Vikagarden og Brendehaugane. Skal desse kome seg til ein haldeplass på Skei for å busse vidare til Vassenden, vil mange av dei måtte bruke ein del tid til fots, medan dei som bur lengst ut mot Kjøsnes, moglegvis vil måtte få tilbod om ein eigen matebuss inn til Skei. I alle høve vil ein måtte rekne relativt rause tidsmarginar frå den enkelte eleven forlèt heimen til skulebussen køyrer frå Skei mot Vassenden.

Det inneber at sjølv om sjølve køyretida mellom Skei og Vassenden skulle bli så mykje som halvert ved at fylkeskommunen finn pengar til å punge ut for ein heil bukett parallelle bussar tilpassa ulike behov, vil reisetida frå døra heime til undervisningsstart likevel kunne bli opp mot ein time, og dermed to timar tur-retur. Det er innanfor den maksimale grensa fylkeskommunen freistar å halde, men det er framleis ein omfattande tidstjuv for elevane, og det er eit uforholdsmessig stort inngrep i elevane si fritid sett i lys av kor stor del av elevane det vil gjelde.

Elles er konsekvensane av lang reiseveg, som nemnt, gjorde greie for i punkt 2.1–2.9 nedanfor. Sjølv om dei verste utslaga av desse konsekvensane openbert vil råke elevane frå Stardalen, som får den aller lengste reisevegen, er konsekvensane relevante å sjå i lys av reisevegen frå Skei òg, ikkje minst med tanke på at det her vil gjelde ei større mengd elevar. Samla sett vil reisetida for elevane frå sjølve Skei etter alt å dømme vere både urimeleg og uforholdsmessig sett i høve til kor stor del av elevane som i nokon mon vil bli råka av dei nemnde konsekvensane.

For å konkludere: Dei uforsvarlege reiseavstandane frå Stardalen til Vassenden burde vere grunn nok åleine til å bevare ungdomsskulen på Skei. Reiseavstanden frå Skei til Vassenden er noko kortare, men framleis lengre enn kva som er rimeleg å akseptere for eit heilt ungdomssteg.

2 Konsekvensar for elevane

Som utgreiingane under punkt 1 viser, kan sjølv måteleg optimistisk utrekna reisetider til og frå Vassenden skule summere seg til over to timar dagleg for dei aller fleste elevane i Skei skulekrins. For elevane i Stardalen vil reisetida passere tre timar dagleg. Dette vil føre med seg ei rekkje uakseptable konsekvensar. Desse er i hovudsak ulike utslag av den same årsaka, nemleg det store tapet av disponibel tid som følgje av den lange reisevegen. Dette gjeld særleg punkt 2.1–2.5.

2 Regjeringa.no – Prop. 57 L (2022–2023):

https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-57-l-20222023/id2967679/?q=Det%20er%20den%20totale%20tida%20eleven%20bruker%20heimanfr%C3%A5,%20til%20oppl%C3%A6ringa%20startar,%20og%20fr%C3%A5%20oppl%C3%A6ringa%20til%20eleven%20er%20slutt,%20til%20eleven%20er%20heime%20om%20ettermiddagen,%20som%20utgjer%20den%20samla%20reisetida&ch=69#match_0

2.1 Tiltak D vil hindre elevane i å få nok søvn og kvile

I saksunderlaget for tiltak I, som mellom anna går ut på å leggje ned ei rekkje ungdomssteg for å samle elevane på Hafstad, står det nemnt under avsnittet om konsekvensar for elevane:

«Å ha lang reise til skulen vil påverke elevens moglegheit til å kvile.»

Dei elevane som etter tiltak I vil få lengst reiseveg til Hafstad, vil få ein reiseveg som kan samanliknast med reisevegen frå Stardalen til Vassenden. Høvet til å kvile er ikkje nemnt i saksunderlaget for tiltak D, men det er openbert minst like relevant i det tilfellet òg.

Like viktig som kvile, om ikkje endå viktigare, er søvn. Ungdomsskuleelevar er i ein sårbar og samstundes formativ fase av livet, der både kroppen og sinnet går gjennom stor utvikling. Det å få nok søvn i denne perioden er viktig både for trivsel og skulemeistring der og då, men òg med tanke på grunnlaget som blir lagt for den vidare ungdomstida og vaksenlivet.

På bakgrunn av dette er det urovekkjande at kommunen vurderer å påføre dei aller fleste elevane i Skei skulekrins ein skuleveg på 2–3 timar dagleg. For det første vil dette tapet av disponibel fritid kunne føre til at elevane kjem seg seinare i seng, rett og slett fordi måltid, heimearbeid, fritidsaktivitetar og andre daglege gjeremål blir forskyvde seinare utover kvelden. For det andre vil halvparten av reisetida nødvendigvis bli lagt til tidleg om morgonen, før skuledagen byrjar. Det inneber at elevane på Skei og i grendene rundt vil måtte stå opp vesentleg tidlegare enn før – i tillegg til at dei altså truleg vil kome seg seinare i seng.

For å konkretisere endå litt tydelegare: Når reisetida aukar vesentleg, vil elevane måtte velje mellom å kutte ned på søvn og kvile, eller å kutte ned på leksetid, familieliv, fritidsaktivitetar og så bortetter. Ingen av delane er gunstig. Og sjølv dei elevane som skulle lande på å prioritere å halde den same leggjjetida som før (med dei konsekvensane det vil ha for andre ting som blir nedprioriterte), vil framleis miste søvn i andre enden av natta, fordi dei må stå opp tidlegare.

Her er det òg grunn til å vere merksam på at det reint biologisk ikkje alltid er beint fram å få ungdommar til å leggje seg (og ikkje minst: til å sovne!) tidlegare på kvelden. Frå Nasjonalt senter for søvnmedisin heiter det:

«I puberteten skjer det også til dels store endringer i den biologiske reguleringen av søvn, som fører til at ungdom i større grad enn barn og voksne føler seg våken og opplagt om kvelden, mens de er trøtte og sliter med å komme seg opp om morgenen. [...] Dette er helt normalt, og ikke i seg selv problematisk. Imidlertid endrer ikke kravene fra omgivelsene seg tilsvarende. Skolen begynner som regel tidlig om morgenen, slik at ungdoms foretrukne søvn/våkenhetsrytme kommer i utakt med samfunnet for øvrig. [...] På skoledager er det dermed mange ungdommer som må stå opp før de har fått tilstrekkelig mengde søvn, noe som kan ha konsekvenser for skoleprestasjoner og psykisk helse.»³

Med andre ord: Når elevane kjem i puberteten, har dei eit reint biologisk behov for å sove lenger om morgonen enn før. Blir tiltak D realisert, vil overgangen til ungdomsskulen bli prega av ei endring som går heilt på tvers av det behovet, i form av at elevane må byrje å stå opp endå tidlegare enn før, fordi reisevegen blir vesentleg lengre.

3 I.W. Saxvig, Nasjonalt senter for søvnmedisin: <https://www.helse-bergen.no/nasjonal-kompetansetjeneste-for-sovnsykdommer-sovno/sovn-hos-ungdom/>

Den fagleg tilrådde søvnleinga for elevar som byrjar i 8. klasse (12–13-åringar), er 9–11 timar per natt.⁴ Det er vanskeleg å sjå føre seg korleis det skal la seg gjennomføre i praksis når reisetida til og frå skulen åleine vil ta 2–3 timar av døgnet.

Kommunen kan ikkje tvinge elevar til å få i seg nok søvn i tråd med faglege tilrådingar. Det kommunen derimot kan gjere, er å leggje til rette for det. Å vedta tiltak D vil vere det stikk motsette – det vil vere å leggje opp til at fleire titals ungdommar frå Skei skulekrins kvart år og kvar dag skal gå med konstant underskot på kvile og søvn. Det bør kommunen ikkje gjere.

2.2 Tiltak D vil svekkje elevane sin motivasjon, trivsel og føresetnader for læring

Som i punkt 2.1 viser eg til saksunderlaget for tiltak I, der kommunen skriv:

«Lang reiseveg for enkelte elevar vil kunne utfordre det faglege utbytte for desse elevane. [...] Ein sliten elev vil få dårlegare læringsutbytte.»

Igjen er dette ein konsekvens som er minst like relevant for tiltak D, men som saksunderlaget for tiltak D ikkje nemner. Rett nok står det at den lange reisevegen «kan vere krevjande både fysisk og psykisk for ein ungdomsskuleelev», men dei praktiske følgjene reisevegen har for til dømes læringa og søvnmengda (jamfør punkt 2.1), er ikkje nemnde i tiltak D.

Vidare viser eg til det såkalla hovuddokumentet (*Kvalitet og kapasitet i Sunnfjordskulen. Vurdering av strukturgrep for å innfri innsparring- og omstillingskrav i sektoren*), der det i omtalen av reiseveg på side 20 står:

«Lang reiseveg kan vere ei ulempe for elevane, både når det gjeld læring og trivsel. For yngre elevar kan lange reisetider føre til auka trøytteleik og mindre overskot til både skularbeid og fritidsaktivitetar.»

Eg skal ikkje dvele meir enn nødvendig ved at det her blir framstilt som at berre yngre elevar kan bli trøytte og miste overskot av lang reiseveg, eg berre konstaterer at det openbert òg vil vere tilfellet for elevar på ungdomssteget. Vidare står det på same side:

«Kommunen vår er langstrakt, og det er difor ikkje til å unngå at enkelte elevar vil få lengre reiseveg til skulen. I vurderinga av skuleveg legg vi difor vekt på elevens alder og modningsnivå, slik at reisetida ikkje går utover eleven sitt velvære eller læringsutbytte. Vår målsetjing er å tilpasse skulestrukturen slik at alle elevar, uansett alder, får ein trygg, effektiv og balansert kvardag som tek omsyn til både psykososiale og praktiske behov.»

Det kan vere grunn til å spørje om det er lagt tilstrekkeleg vekt på alder og modningsnivå når administrasjonen tilrår tiltak som inneber tre timars reiseveg for elevar i grunnskulealder. Til samanlikning vil vgs-elevar opp til 20 års alder – som nemnt ovanfor – ha krav på bortebruarstipend dersom reisevegen til den vidaregåande skulen deira er like lang som det kommunen legg opp til i til dømes tiltak D. I alle høve er det openbert at så lang reiseveg til gå utover *eleven sitt velvære og læringsutbytte*, og det vil definitivt ikkje leggje opp til ein *trygg, effektiv og balansert kvardag som tek omsyn til både psykososiale og praktiske behov*.

4 I.W. Saxvig, Nasjonalt senter for søvnmedisin: <https://www.helse-bergen.no/nasjonal-kompetansetjeneste-for-sovnsykdommer-sovno/sovn-hos-ungdom/>

Eg vil elles vise til kva kommunen skriv i saksunderlaga for tiltak E og I, om konsekvensar for *vaksne tilsette* ved lang pendleveg:

«Pendling kan ha konsekvensar for kvardagslogistikken, arbeidsbelastninga og tidsbruk, noko som kan påverke både trivsel og motivasjon i jobben.»

Det finst ikkje grunnlag for å tvile på at kommunen har rett i den analysen. Det openberre spørsmålet som melder seg, er kvifor konsekvensane for trivsel og motivasjon skulle vere noko mindre for ungdomsskuleelevar enn for vaksne.

Det openberre svaret på det spørsmålet er at konsekvensane truleg vil vere endå større. Følgjeleg bør kommunen leggje til grunn at tiltak D vil svekkje trivselen og motivasjonen for ungdomsskuleelevane frå Skei skulekrins, med dei følgjene dette vil få for læringa og føresetnadene for å dra fullgod nytte av undervisninga.

2.3 Tiltak D vil svekkje elevane sitt høve til å delta på fritidsaktivitetar

I artikkel 31 i SNs barnekonvensjon, som Noreg ratifiserte i 1991, står det:

«Partene anerkjenner barnets rett til hvile og fritid og til å delta i lek og fritidsaktiviteter som passer for barnets alder og til fritt å delta i kulturliv og kunstnerisk virksomhet. [...]

Partene skal respektere og fremme barnets rett til fullt ut å delta i det kulturelle og kunstneriske liv og skal oppmuntre tilgangen til egnede og like muligheter for kulturelle, kunstneriske, rekreasjons- og fritidsaktiviteter.»

Det kan vere god grunn til å spørje om tiltak D tek omsyn til barna sin konvensjonsfesta rett til å delta på fritidsaktivitetar. I alle høve må vi leggje til grunn at tiltak D, uavhengig av korleis sjølv menneskerettsspørsmålet blir vurdert, i praksis vil føre til at elevar i Skei skulekrins får redusert høve til slik deltaking, i fleire tilfelle sterkt redusert.

Når to til tre timar av dagen forsvinn i reisetid til og frå skulen, er det andre ting som må prioriterast ned. På same måte som det kan gå ut over søvn og kvile, jamfør punkt 2.1 ovanfor, kan det gå ut over høvet til å delta på fritidsaktivitetar. Dette gjeld ikkje berre i form av at reisevegen i seg sjølv et opp tid som elles ville vore disponibel til å delta på fritidsaktivitetar, det gjeld òg i form av at elevar som kunne greidd å finne tid til det, ikkje nødvendigvis orkar det ytterlegare tilskotet til reisebelastninga det vil vere å kome seg til og frå fritidsaktiviteten.

2.4 Tiltak D vil gå ut over elevane sitt sosiale liv

Tidsreknestykket og reisebelastninga som alt er gjort greie for i punkt 2.1 og 2.3, er relevant for elevane sitt sosiale liv òg. Ulike ungdommar vil prioritere ulikt, og nokre vil truleg kunne delta i sosiale samanhengar og pleie sosiale relasjonar på kostnad av andre ting. Andre vil ende opp med å prioritere ned det sosiale, anten det no er fordi det knyter seg sterkare former for plikt til andre gjeremål (som skulearbeid), eller fordi reisebelastninga i utgangspunktet blir så stor at eleven ikkje har overskot til å vere sosial.

Det bør ikkje vere nødvendig å greie ut om dei vidare følgjene av eit svekt sosialt liv og det

potensielle påfølgjande utanforskapet. Eg avgrensar meg i den samanhengen til å minne om at slike følgjer òg vil kunne slå ut på andre kommunale budsjett nokre år framover i tid, og at innsparingar med slike konsekvensar neppe vil løne seg på lang sikt.

2.5 Tiltak D vil gå ut over elevane sitt familieliv

På same måte som overstadig lang reiseveg avgrensar kva ein ungdomsskuleelev kan rekke over av søvn, kvile, lekser, sosial omgang, fritidsaktivitetar og liknande i løpet av døgnet, vil det avgrense kor mykje tid eleven får i lag med familien sin. Kontakten med både foreldre og søsken kan bli meir avgrensa når fleire timar forsvinn på skulevegen, og dei resterande timane av døgnet blir ei beinhard prioriteringssak mellom alt ein helst skulle gjort og delteke på.

Eit døme på korleis dette vil kunne råke særleg hardt, er om ein elev frå Stardalen deltek på ein fritidsaktivitet som går føre seg på Vassenden på ettermiddags- eller kveldstid. Skal eleven då reise i skyttel heim til Stardalen og rett tilbake igjen til Vassenden, eller skal hen berre bli verande att på Vassenden etter at skuledagen er over, og heller reise heim etter at fritidsaktiviteten er gjennomført? I begge tilfelle vil eleven kunne miste mykje tid i lag med familien.

2.6 Tiltak D vil føre til at ingen ungdommar frå Skei skulekrins kan gå eller sykle til skulen

I dag kan storparten av ungdommane på Skei skule gå eller sykle til skulen. Å påpeike at dette gjeld dei elevane som bur nært Skei sentrum, er moglegvis å slå inn opne dører, men eg tillèt meg å minne om at det gjeld òg elevar som bur på gardar eller i byggjefelt langs Jølstravatnet sørover til Kjøsnes og vestover til Årdalen, då der går eigen gang- og sykkelveg til begge desse stadene.

Vidare til Vassenden går der derimot ikkje gang- eller sykkelveg. Sjølv om vi ser bort frå at avstanden i alle høve er for lang til at vanlege ungdomsskuleelevar kan forventast å sykle han att og fram kvar dag, er korkje fylkesvegen på sørsida eller E39 på nordsida vest for Årdalen er eigna til å sykle på generelt.

Tiltak D vil med andre ord føre til at der ein stor del av ungdomsskuleelevane i Skei skulekrins i dag kan gå eller sykle til skulen, med alle dei helsemessige og faglege gevinstante dette utløyser, vil nøyaktig null prosent av dei same elevane kunne gå eller sykle til Vassenden.

2.7 Tiltak D vil føre til meir fråvær og dårlegare undervisningstilbod for elevane ved store nedbørsmengder og fare for ras og flaum

Klimaendringane har allereie gjeve oss meir ekstremvêr, og det er ingen utsikter til at denne utviklinga skal snu med det første. Kommunen lyt såleis leggje til grunn at talet på dagar med oransje og raude farevarsel, ekstreme nedbørsmengder, ferdselsfrårådingar og stengde vegar berre vil auke.

På slike dagar er det ein stor fordel at mange elevar bur såpass nær skulen at vêrforholda og farevarsela ikkje påverkar skulevegen. Seinast i midten av januar bad kommunen elevar i fleire delar av Skei skulekrins om å halde seg heime frå skulen. Sidan Skei skule er lokalisert relativt nært ein stor del av den befolkninga (og dermed elevane) som soknar til skulen, kunne likevel mange

elevar møte utan å utsetje seg for fare.

Dersom tiltak D blir vedteke, vil *alle* ungdomsskuleelevane i Skei skulekrins måtte halde seg heime på slike dagar. I tillegg til at talet på dagar med ekstremvêr aukar, vil altså talet på elevar som blir råka av dei, auke òg. Å leggje ned ungdomssteget på Skei skule og flytte elevane til Vassenden vil med andre ord vere ei planmessig innføring av færre fullverdige undervisningsdagar for *alle* ungdommane i Skei skulekrins.

2.8 Tiltak D vil utsetje elevane for rasfarleg skuleveg

Dersom ungdomsskuleelevane i Skei skulekrins skal bussast til Vassenden, vil dei fleste – om ikkje alle – bli sende med buss langs E39 på nordsida av Jølstravatnet. Omtrent halvveges langs vatnet, i kort avstand frå skulekrinsgrensa, vil bussane passere skredpunktet Skjersura.

Statens vegvesen har rekna ut at Skjersura har ein skredfaktor på 3,87 – noko som vil seie at Skjersura er klassifisert i den høgaste skredfaktorkategorien Vegvesenet opererer med.⁵ Til samanlikning hadde strekket mellom Kleivatunnelen og Støylsnestunnelen, som relativt nyleg blei rassikra for ein dryg milliard kroner i form av Kjøsne tunnelen, ein skredfaktor på 3,84.⁶

Saka vil ikkje stille seg noko betre om fylkeskommunen kjem fram til at til dømes elevane på sørsida av vatnet i Skei skulekrins (Sægrov, Sunde, Dvergsdalen) skal bussast langs fylkesveg 5690 på sørsida av Jølstravatnet. Her er det òg fleire kjende skredpunkt – det burde vere nok å nemne Orkja og Klauva.

Så er det slik at i Sunnfjord bur vi under bergfall og lever med ein viss risiko, men det betyr ikkje at det er fornuftig å *auke* risikoen unødig ved å busse mange titals elevar forbi eit av dei mest utsette skredpunkta to gonger for dagen året rundt.

Det er òg ein vesentleg prinsipiell og risikomessig skilnad på det at privat transport, til dømes til fritidsaktivitetar, er ein risiko den enkelte sjølv rår over. Vidare er det ein risiko som den enkelte kan justere seg etter og eventuelt unngå ved å vurdere vêr- og føreforhold utover dagen.

Eg understrekar elles at *frekvensen* er ein viktig del av risikoreknestykket. Gjennom tre år på ungdomsskulen skal elevane ha 570 skuledagar. Det vil seie at dei skal passere Skjersura 1140 gonger på dei tre åra – før ein reknar inn nokre titals ekstraturar til symjeundervisning i bassenget på Skei. Risikoen ved å leggje ei skulebussrute forbi eit slikt skredpunkt er med andre ord i ein ganske annan kategori enn risikoen ved sporadiske passeringar i samband med fritidsaktivitet, helgehandel eller bassengbesøk (utan at eg på nokon måte vil bagatellisere risikoen ved dei sistnemnde døma heller).

Kort sagt vil tiltak D innebere at mange elevar som i dag har relativt trygg skuleveg, skal sendast på bussen langs ei rute som er rasfarleg. Det bør kommunen ha *svært* mykje meir tungtvegande grunnar for å gjere enn dei nokså små innsparingane som det er førespegla å hente ut av tiltak D.

5 Statens vegvesen – vegkart: <https://vegkart.atlas.vegvesen.no/#kartlag:geodata/@37646,6852089,11/hva:hva%5B0%5D%5BabsoluteIntervals%5D=false&hva%5B0%5D%5Bid%5D=824/valgt:315688502:824>

6 Statens vegvesen – vegkart: <https://vegkart.atlas.vegvesen.no/#kartlag:geodata/@51321,6851403,11/hva:hva%5B0%5D%5BabsoluteIntervals%5D=false&hva%5B0%5D%5Bid%5D=824/valgt:332904437:824>

2.9 Tiltak D vil vere ein risiko for elevane si fysiske og psykiske helse på kort og lang sikt

I saksunderlaget for tiltak D skriv kommunen:

«Vi ser at tiltaket fører til ei svært lang reisetid kvar dag for elevane som bur lengst vekk, noko som kan vere krevjande både fysisk og psykisk for ein ungdomsskuleelev.»

Det kan vere grunn til å spørje om ikkje den erkjenninga i seg sjølv burde vere eigna til å parkere heile tiltaket lenge før høyringsrunden. Uansett burde ho vere grunn nok til å heve den fastsette konsekvensverdien i effekt- og konsekvensmatrisa, som av ukjende årsaker er fastsett til nivå 3 (middels konsekvensnivå). I denne samanhengen viser eg elles til høyringssvaret frå Britt Eva Heggheim, som med sin bakgrunn frå skuleverket, barnevernet og institusjon har greidd ut om risikofaktorane for elevane si fysiske og psykiske helse, ikkje minst ved lang reiseveg til skulen.

Eg skal ikkje bruke meir plass på å repetere heilskapen i høyringssvaret frå Heggheim, men eg tillèt meg å repetere eit vesentleg moment som heng saman med punkt 1.2 ovanfor:

«Ein lang skuleveg og frårøving av fritid gjeld i stor grad barna inst i Stardalen, men også barna som bur meir sentralt på Skei.»

3 Konsekvensar for lokalsamfunnet, ungdomsmiljøet og frivillig sektor

I saksunderlaget for tiltak I står det:

«Fjerning av ungdomssteget [...] kan ha store konsekvensar for lokalmiljøa både ute i bygdene og i sentrum. I distrikta kan ei slik endring svekke det lokale engasjementet kring skulen, som ofte fungerer som ein sosial og kulturell møteplass for heile bygda. [...] Skulen er ein viktig del av lokalsamfunnet, og når ungdommane må pendle[,] kan dette føre til redusert tilhøyr og engasjement i lokalsamfunnet. [...] Aktivitetstilbod til ungdom i grendene kan få utfordringar med rekruttering [...]»

Desse konsekvensane er i svært liten grad nemnde i saksunderlaget for tiltak D, men dei er likevel høgst aktuelle. I dei følgjande underpunktta vil eg gjere litt nærare greie for kva konsekvensar tiltak D vil ha for lokalsamfunnet på og rundt Skei.

3.1 Tiltak D vil avfolke Stardalen

Reiseavstanden frå Stardalen til Vassenden er, som det går fram av punkt 1.1, direkte uforsvarleg. I praksis vil ikkje Stardalen vere nokon buande plass for barnefamiliar dersom ungdomssteget på Skei blir lagt ned.

Konsekvensen av dette er at dersom kommunen vedtek tiltak D, så vedtek kommunen i realiteten òg at der ikkje skal bu folk i Stardalen.

Avfolkinga vil ikkje bli fullført over natta, men det er all grunn til å tru at ho vil setje i gang med det same. Barnefamiliiane vil vere dei første til å flykte. I den samanhengen må kommunen vere budd på at familiar som i realiteten får eit politisk vedteke pålegg om å bryte opp og etablere seg på nytt ein annan stad, ikkje nødvendigvis kjem til å premiere kommunen som står bak pålegget, ved å busetje seg i den same kommunen ein gong til.

Vidare vil det vere så godt som umogleg å trekkje nye barnefamiliar eller unge i etableringsfasen til Stardalen. Følgjeleg vil barnehagen kunne forsvinne i løpet av få år, og grunnlaget for det vitale og prislønte grendesamfunnet i Stardalen vil ganske snart erodere bort.

I den grad eldre innbyggjarar i grenda vil bli buande til alderdommen innhentar dei, vil dei vere få, og dei vil sjå grenda rundt seg forsvinne i eit lite miskunnsamt tempo. Det er ikkje urimeleg å gå ut frå at fleire vil trekkje bort frå grenda av den grunnen åleine.

Sjølv om ein ser bort frå dei alvorlege prinsipielle problema ved å utsetje Stardalen for eit de facto avfolkningsvedtak, burde omsynet til den kommunale eigeninteressa i det minste føre til grundig ettertanke over det følgjande spørsmål: Har vi råd til å leggje ned og avfolke velfungerande og forplantningsdyktige grender i ei tid der kommunen så vel som landet elles slit med folketalsutviklinga i begge endar av aldersskalaen?

Ettertanken har eitt einaste svar: Nei. Vi har ikkje råd til det. Og ikkje er det riktig å gjere det heller.

3.2 Tiltak D vil gjere Skei til ein langt mindre attraktiv stad å busetje seg og få ungar

Jamvel om reiseavstanden frå Skei til Vassenden er kortare enn frå Stardalen, er han framleis langt utanfor kva som er rimeleg eller forholdsmessig sett i lys av dei stabile barnetala og elevtalsframskrivingane i Skei skulekrins. Og uavhengig av reisetidsproblematikken vil ei nedlegging av ungdomssteget på Skei i seg sjølv vere eigna til å avskrekke småbarnsfamiliar og par i etableringsfasen som vurderer kvar dei skal slå seg ned. I denne samanhengen vil eg vise til side 74 i kunnskapsgrunnlaget, der det står:

«For mange er skulen grunnen til at dei vel å busetje seg i eit område. Nærskulen er ei viktig teneste for familien og gir tryggleik for barna. Skulen sitt gode omdømme og høge status er også med på å tiltrekke unge vaksne til bygda, og kan bidra til vekst og utvikling. Dessutan er skulen ein viktig arbeidsplass og spelar ei nøkkelrolle i å oppretthalde og utvikle lokalsamfunnet.»

Sidan kommunen sjølv har slått fast årsakssamanhengane her, tillèt eg meg å stille som levande døme: 1–10-skule var ein av dei grunnleggjande føresetnadene då kona mi og eg bestemte oss for å flytte til Skei, og det var ein grunnleggjande føresetnad då vi bestemte oss for å kjøpe hus og slå rot her permanent. Hadde vi vore klare over at (dei på det tidspunktet ufødde) ungane våre skulle risikere å pendle lang veg med buss allereie frå 12–13-årsalderen, ville vi busett oss ein annan plass (og då, vel å merke, i ein annan kommune).

Relevansen i dette dømet ligg ikkje i oss personleg, men i kva slike som oss – det vil seie unge vaksne i etableringsfasen – kan finne på å tenkje i dag og i åra og tiåra framover. Det er ikkje uvanleg å vurdere oppvekstvilkåra for framtidige ungar før ein bestemmer seg for kva ein vil bu, det er tvert imot såre normalt. Dersom kommunen legg ned delar av grunnskuletilbodet i ei bygd, og tilsvarende tilbod ikkje finst innanfor mils omkrins, slik det bokstavleg talt ikkje gjer i dette tilfellet, vil den bygda automatisk bli langt mindre attraktiv å busetje seg i og få ungar i.

Lat meg leggje til: Færre ungar i Skei skulekrins betyr færre ungar i Jølster samla, og det betyr færre ungar i Sunnfjord kommune. Både som jølstringar og som sunnfjordingar er det i vår felles interesse at den stabile barnetalsutviklinga på og rundt Skei får halde fram.

3.3 Tiltak D vil truge deltakinga i – og i ytste konsekvens eksistensen av – ei rekkje kultur- og fritidstilbod, både på Skei spesielt og i Jølster generelt

I saksunderlaget for tiltak D står det nemnt éin mogleg konsekvens for lokalsamfunnet, og det er at «tiltaket [vil] kunne redusere ungdomsaktivitet i bygdene. [...] Det kan tenkast at å flytte ungdomssteget til Vassenden vil medføre at det blir mindre aktivitet i Viksdalen og på Skei». Det er i alle fall ikkje å overdrive.

Skulle tiltak D bli vedteke, vil dei aller fleste ungdommane frå Skei skulekrins bli fråtekne fleire timar fritid dagleg. Dermed vil dei openbert ha mindre høve til å nytte seg av kultur- og fritidstilbod (sjå punkt 2.3). Dette vil svekkje grunnlaget for lokale tilbod som skulekorpset, ungdomsklubben og speidaren.

Innanfor ein del typar aktivitetstilbod er det òg slik at deltakarar i ungdomsskulealder fyller ulike leiar- og instruktørfunksjonar. Dersom ungdommane fell ifrå slike aktivitetar, vil det kunne råke yngre deltakarar i dei same aktivitetane. Som døme på dette viser eg til høyringssvaret frå Dans utan grenser (DUG Jølster), som er krystallklart på at tilbodet til 45–50 unge, dansande jølstringar står i akutt fare for å forsvinne dersom kommunen vedtek at dei ti instruktørane som i dag går på ungdomsskulen på Skei, må bruke fritida si om bord i ein skulebuss i staden for å arrangere og leie danseopplæring. Det er heller ingen grunn til å tru at DUG er det einaste tilbodet som vil bli råka på denne måten. Tiltak D vil med andre ord kunne vere til stor skade for kultur- og fritidstilboda til både ungdomsskulelevane og barneskuleelevane i bygda.

Vidare vil ungdommane frå Skei skulekrins få avgrensa høve til å delta i aktivitetar som femner om heile Jølster. Deltakar- og rekrutteringsgrunnlaget for ei rekkje tilbod i regi av idrettslaget, då særleg lagidrettar, kan stå i fare for å bli for tynt dersom monalege delar av kvart årskull ikkje lenger har tid eller overskot til å vere med. Og skulle ein greie å prioritere fram tida til det, er det heller ikkje gjeve at motivasjonen er på topp for å bruke den tida på eit tilbod som inneber *endå* meir reising til og frå Vassenden, på toppen av den daglege skulebussinga. Såleis kan den intenderte styrkinga av Vassenden skule, som tiltak D har til føremål, paradoksalt nok ende opp med å gå ut over deltakargrunnlaget for aktivitetstilbod på nettopp Vassenden.

Her vil eg leggje til at samarbeidet mellom Skei og Vassenden i idrettslaget har blitt trekt fram under begge folkemøta i Jølster i januar. Særleg frå Vassenden har der kome åtvaringar om konsekvensane for idrettslaget når tiltak B, E og I (som inneber å busse elevar frå Vassenden til Førde) har vore tematisert. Det argumentet er like relevant for tiltak D. Dersom ungdommane frå Skei skulekrins må bruke opp mykje av fritida si på å køyre skulebuss, får dei tilsvarande mindre tid til å delta i felles aktivitetar med vassendarar på kveldstid – anten aktivitetane er lagde til Skei eller Vassenden eller ei veksling mellom dei to stadene. Det vil gå ut over grunnlaget for aktivitetstilbod som både vassendarar og skeissarar har glede av i dag, og det vil gå ut over samhaldet på tvers av skulekrinsgrensa i Jølster. Eg viser elles til høyringssvaret frå Jølster idrettslag.

3.4 Tiltak D vil undergrave den frivillige innsatsen på og rundt Skei generelt

I samband med breiddeidrett og andre fritidsaktivitetar blir det lagt ned ein enorm innsats ikkje

berre av ungdommane sjølve, men av foreldre, besteforeldre, onklar, tanter, naboar og andre eldsjeler. Dei stiller som trenarar, leiarar og instruktørar, som hallvakter, løypemaskinførarar og banemeistrar, og i eit utal andre frivillige roller. Dei søker om tippemidlar, sparebankgåver og almisser. Dei arrangerer dugnader for å oppgradere stadionfasilitetar, lage skileikanlegg og reise gapahukar. Alt til glede og nytte for ungane og ungdommane, for dei vaksne frivillige, for kommunen og for folkehelsa.

Grunnplanken for alt dette frivillige arbeidet er at der finst nokon å gjere arbeidet for. Sluttar ungdommane å bruke tilboda, vil ein viktig del av grunnlaget for den frivillige innsatsen forsvinne. Det vil ikkje berre råke dei som ser seg nøydde til å slutte, men òg dei som vil halde fram med å bruke tilboda, anten dei no er yngre elevar eller vaksne.

4 Konsekvensar for næringslivet og landbruket

4.1 Tiltak D vil gjere det vanskelegare for lokalt næringsliv å trekkje til seg arbeidstakarar til Skei og dermed til Sunnfjord

Geografisk ligg Skei svært gunstig plassert for bedrifter som har større delar av gamle Sogn og Fjordane som dekningsområde. Nokre slike bedrifter finst her allereie, og det finst godt potensial for vidare næringsutvikling i same leia.

Jo meir vi greier å utnytte at det praktisk-logistiske midtpunktet i Sogn og Fjordane ligg innanfor Sunnfjord sine kommunegrenser, jo større gevinstar vil både lokalsamfunnet på Skei og kommunen som heilskap kunne hente ut i form av tilflyttande arbeidstakarar og auka skatteinntekter. Føresetnaden for å hente ut slike gevinstar er at næringslivet blir gjeve dei elementære rammevilkåra som trengst for å lokke til seg kvalifisert arbeidskraft. Blant desse rammevilkåra er nærleik til kommunale basistjenester, og då særleg barnehage og grunnskule, truleg det aller viktigaste.

Som praktisk døme på dette viser eg til innlegget Fjordane Engineering-gründeren Kjetil Sunde heldt under folkemøtet på Skei i januar. Bedrifta hans er i rivande utvikling og bidreg til lokalsamfunnet og kommunen gjennom både økonomisk verdiskaping og eigedomsutvikling i sentrum av Skei. Utfordringa Sunde fortel om, knyter seg til rekruttering, og under folkemøtet gav han eit konkret døme på korleis ein godt kvalifisert jobbsøklar som var freista til å ta med seg kone og ungar til ny jobb og naturskjønne omgivelser på Skei, fekk kalde føter då han blei klar over at kommunen vurderer å flytte ungdomsskuletilbodet ut av bygda. Slik gjekk ei lokal vekstbedrift glipp av ein god kandidat, og kommunen gjekk glipp av to yrkesaktive skattebetalarar og fleire nye elevar, som i staden valde å bli buande i Oslo.

Slike historier kan vi forvente mange fleire av dersom kommunen vedtek tiltak D. Når *signalet* om ei mogleg nedlegging er nok til å skremme bort folk som kunne vore ein ressurs for lokalsamfunnet og kommunen i fleire tiår framover, er det berre å førestille seg kor sterkt dei negative ringverknadene av ei faktisk nedlegging vil kome til å råke.

4.2 Tiltak D vil avgrense høvet lokalt næringsliv har til å gje lokale ungdommar deltidsarbeid

Å skaffe seg arbeidserfaring gjennom deltidsarbeid etter skuletid kan vere viktig for ungdommane

og til nytte for lokale bedrifter. Samstundes er det ikkje eit menneskeleg basisbehov på linje med til dømes søvn og sosial deltaking. Følgjeleg er det grunn til å tru at deltidsjobbing er noko av det første som vil bli nedprioritert av mange elevar dersom kommunen i realiteten vedtek å korte ned den disponible fritida til elevane med 2–3 timar dagleg. Dette vil gje elevane mindre erfaring, færre referansar og dårlegare føresetnader på arbeidsmarknaden seinare, til dømes når dei skal søkje sommarjobb eller deltidsarbeid som studentar, og det vil vere til ulempe for dei bedriftene som i dag gjev arbeidserfaring til lokale ungdommar.

4.3 Tiltak D vil svekkje viktige landbruksområde

Grendene rundt Skei, og kanskje særleg Stardalen, er viktige, veldrivne og produktive landbruksområde der det blir investert i framtidsretta driftsformer, og der rekrutteringa til landbruket er god. For nærare utgreiningar av dette viser eg til dømes til høyringssvara frå Camilla Øvrebø og Kamilla Eirin Aamot. Sjølv skal eg avgrense meg til å påpeike det aller mest openberre: Gardane lét seg ikkje flytte på.

Kontor og butikkar (og tydelegvis skular) er det mogleg å relokalisere, men matjorda ligg der ho ligg. Skal jorda haldast i hevd, må der bu folk der jorda er. Der må bu bønder der, men skal bøndene gidde og orke å bu der og drive jorda og sikre matforsyninga vår, må der vere eit minimum av fungerande lokalsamfunn og tenestetilbod rundt dei.

Igjen kjem vi tilbake til utgangspunktet for dei fleste konsekvensane som er nemnde: Dersom kommunen legg ned ungdomssteget på Skei, vil avstandane bli for store. Det vil bli nær umogleg å få nye generasjonar til å flytte heim eller flytte til. I Stardalen, jamfør punkt 3.1, risikerer vi at mykje av gardsbruka rett og slett kan bli fråflytta og liggjande brakk.

5 Konsekvensar for tilsette

5.1 Tiltak D vil føre til ei rekkje negative konsekvensar for tilsette som mister arbeidsplassen sin

I saksunderlaga for dei ulike tiltaka er det litt variabelt kva som står om konsekvensane for dei tilsette. I underlaget for tiltak D er det at arbeidsplassen blir større, og at eit større og meir variert fagmiljø kan vere positivt for samarbeidet og profesjonsfellesskapet. Vi får gå ut frå at teksten her siktar til Vassenden skule, for det er openbert det motsette som vil vere tilfellet på Skei og på Viksdalen, der barnestega står åleine att med svekte og meir sårbare fagmiljø, utan høve til å halde fram med det faglege samarbeidet på tvers av ungdoms- og mellomsteget.

Den einaste negative konsekvensen som har fått plass i framstillinga av tiltak D, er risikoen for å miste kvalifiserte lærarar som i dag pendlar til Skei frå Nordfjord eller Sogn (sjå nærare omtale av dette i punkt 6.1 nedanfor). I framstillinga av andre tiltak, til dømes tiltak E og I, er derimot konsekvensane for dei tilsette ved nedlegging langt fyldigare skildra. Begge desse saksunderlaga inneheld ei nesten identisk utgreiing om dette, her saksa frå versjonen i tiltak I:

[F]leire av lærarane og støttestaben [vil] miste arbeidsplassen [i] sitt eige nærmiljø og måtte vurdere nye arbeidsstadar [...] Dette kan skape usikkerheit om vidare arbeid og føre til lengre pendlarveg [...] Pendling kan ha konsekvensar for kvardagslogistikken, arbeidsbelastninga og tidsbruk, noko som kan påverke både trivsel og motivasjon i

jobben. Ei nedlegging vil også ha innverknad på det faglege og sosiale arbeidsmiljøet. Dei tilsette på dei små skulane vil miste delar av fellesskapet og dei nære banda som ofte pregar mindre skular, der ein kjenner både kollegaer og elevar godt.

Nedleggingsforslaga i tiltak E og I vil gjelde eit høgare tal på lærarar enn i tiltak D, men konsekvensane for dei lærarane det faktisk rårar, vil likevel vere eksakt dei same. Følgjeleg burde desse konsekvensane òg vore rekna inn i vurderinga av effekt- og konsekvensmatrisa for tiltak D.

6 Konsekvensar for kommunen

6.1 Tiltak D vil bidra til at kommunen mister viktig kompetanse

Gjennom prosjektet «Kvalitet og kapasitet i Sunnfjord-skulen» skal kommunen spare inn fleire titals millionar i skulesektoren samstundes som kvaliteten vonleg skal oppretthaldast. Det er i seg sjølv ei ambisiøs målsetjing, som i det minste vil føresetje at kommunen greier å halde seg med kvalifiserte og kompetente lærarar. Kommunen tek sjølv opp denne problemstillinga på side 76 i kunnskapsgrunnlaget:

«Vi opplever [...] ei negativ utvikling når det kjem til rekruttering, og ser med uro på utviklinga i søkartal på lærarutdanningane. Det er truleg avgjerande at Sunnfjordskulen har rammevilkår som gjer til at vi greier å halde på dei tilsette, og rekruttere nye lærarar.»

I lys av dette fortonar tiltak D seg som eit direkte kontraproduktivt forslag. Eit overveldande fleirtal av lærarane ved ungdomssteget på Skei skule er busette i høvesvis Nordfjord og Sogn. For desse lærarane ligg Skei innanfor akseptabel pendleavstand, medan dette i liten eller ingen grad er tilfellet for Vassenden. Skulle kommunen finne på å leggje ned ungdomssteget på Skei og flytte elevane til Vassenden, er det altså liten grunn til å tru at den kvalifiserte arbeidskrafta ved ungdomssteget på Skei vil vere tilgjengeleg for andre skular i kommunen. Eg understrekar at dette ikkje er min personlege analyse, eg berre viser til kva dei aktuelle lærarane sjølve har uttalt i lokalpressa.⁷

Ved nedlegging av ungdomssteget på Skei lyt vi altså leggje til grunn at ein stor bukett innpendlande kvalifiserte lærarar frå Nordfjord og Sogn truleg vil finne seg arbeid i andre kommunar enn Sunnfjord. Dette er nemnt i eit kulepunkt i kommunen si utgreiing av tiltak D, om enn med forsiktige formuleringar knytt til både kor mange lærarar det kan gjelde, og kor sannsynleg det er at kommunen kan miste dei.

Eit tilleggsmoment som eg ikkje kan sjå har vore nemnt, korkje i saksunderlaget eller i skulestrukturordskiftet til no, er at vi òg risikerer at kvalifiserte lærarar som er busette på eller i nærleiken av Skei, vil byrje å pendle ut av kommunen. Dersom Sunnfjord kommune i realiteten legg ned arbeidsplassane deira, er det ingen automatikk i at dei vil prioritere å pendle til andre skular i Sunnfjord framfor å søkje seg til skular i nabokommunane.

Effekten av å leggje ned ungdomssteget på Skei kan altså bli dobbelt negativ: Vi kan miste kompetente lærarar som pendlar til Skei i dag, og vi kan miste kompetente lærarar som bur og arbeider på Skei.

7 Firda 19.11.2024: <https://www.firda.no/nedlegging-av-ungdomstrinnet-kan-gje-lararflukt-umogleg-a-pendle/s/5-15-1809348>

6.2 Tiltak D vil avvikle ein velfungerande ungdomsskule

Skei skule er ein velfungerande ungdomsskule med kvalifiserte lærarar i nær sagt alle fag (jamfør skuleportrettet av Skei skule). Elevane melder om eit skulemiljø utan mobbing (jamfør innlegget frå elevrådet under folkemøtet på Skei i januar), og foreldre, tilsette og andre aktørar trekkjer mellom anna fram at skulen (igjen jamfør skuleportrettet) er god på å gje variert og tilpassa undervisning og å integrere elevar med ulike føresetnader, at skulen har eit høgt kompetent og godt etterutdanna personale med god spreiding i alder og positivt elevsyn, at skulen bruker nærleiken til naturen til å styrkje læringsmiljøet og fysisk aktivitet i undervisninga – for å nemne noko.

Eg understrekar at skildringa ovanfor ikkje er eit forsøk på å insinuere at andre ungdomsskular i kommunen fungerer dårleg. Poenget er berre at det unekteleg er ein aktuell konsekvens for kommunen å miste ein velfungerande skule, og at det i seg sjølv inneber å ta elevane ved skulen ut av noko vi veit fungerer, for å overføre dei til noko anna. Sidan denne konsekvensen, og risikoen som følgjer han, ikkje er nemnd i saksunderlaget, ser eg det som naudsynt å nemne han her.

6.3 Tiltak D vil svekkje ein velfungerande barneskule

Skei skule er ikkje berre ein velfungerande ungdomsskule, det er òg ein velfungerande barneskule – informasjonen frå skuleportrettet som er referert i punkt 6.3 ovanfor, gjeld heile 1–10-skulen på Skei, irekna barnesteget.

I tillegg bør kommunen vere klar over at samspelet med ungdomsskulen er ein del av dette biletet. Det at Skei skule er ein fullverdig 1–10-skule med samlokalisert barne- og ungdomssteg, legg til rette for godt samarbeid på tvers av skiljet mellom nettopp barne- og ungdomssteg, både om det reint faglege og pedagogiske, og om det meir overordna arbeidet med å førebu mellomstegselevane på ungdomssteg dei har i vente.

Skulle kommunen leggje ned ungdomssteg på Skei skule, vil det ikkje berre gå ut over ungdomssteg isolert, det vil svekkje fagmiljøet ved Skei skule som heilskap og gjere det meir sårbart. Føresetnadene for å bu elevane på ein god overgang til ungdomssteg vil bli svekte, og høvet til å rekruttere lærarar med rett kompetanse i alle fag og på alle steg vil bli dårlegare, fordi ein vil ha langt mindre å tilby til dømes nyutdanna lærarar som har teke grunnskulelærarutdanning (GLU) for 5.–10. trinn. Det same gjeld lærarar som har kvalifisert seg gjennom praktisk-pedagogisk utdanning (PPU) for 5.–13. trinn. (Som eit kuriosum kan eg nemne at det sistnemnde gjeld underteikna. Skulle eg finne på å søkje meg til læraryrket etter kvart, er det lite sannsynleg at ein rein barneskule vil ha mellomstegsklassar nok og timar nok i relevante fag til å kunne tilsetje meg i noko anna enn ei deltidsstilling.)

Eg kan ikkje sjå at dette er nemnt i saksunderlaget for tiltak D. Tvert imot argumenterer saksunderlaget for at samanslåinga av fleire ungdomssteg mellom anna vil «skape eit større og meir variert fagmiljø» og gje ei «styrking av profesjonsfellesskapet». Dette vil openbert ikkje vere tilfellet for noverande 1–10-skular som blir nedskalerte til reine barneskular.

6.4 Tiltak D vil forsterke den negative barnetalsutviklinga i kommunen

Medan dei faktiske og dei framskrivne barnetala går nedover i dei aller fleste delane av kommunen,

er både tala og framskrivingane stabile i Skei skulekrins. Dersom kommunen vedtek ei strukturendring som gjer Skei til ein mindre attraktiv stad å flytte (heim) til, er det liten grunn til å tru at barnetala vil følgje den noverande framskrivinga. Utan eit fullverdig grunnskuletilbod vil utflytta skeissarar utvilsamt vegre seg meir for å flytte heim, og det same vil andre potensielle tilflyttarar. Det finst ikkje noko truverdig grunnlag for å rekne med at barnetala vil halde seg stabile i eit slikt scenario. Blir ungdomssteget på Skei lagt ned, må vi gå ut frå at barnetala ganske snart vil byrje å falle.

Kommunen bør vere merksam på at det ikkje er nokon automatikk i at folk som vurderer å etablere seg på Skei, har andre stader i Sunnfjord som andreval. Den talmessig viktigaste gruppa å lokke til seg, er dei som har ei tilknytning her frå før. For dei kan andrevalet like godt vere den staden dei har flytta til for å studere, det vere seg Bergen, Oslo, Volda eller andre stader.

Vidare bør kommunen vere merksam på at ei av grendene som bidreg positivt til barnetala i Skei skulekrins, er Stardalen. Medan ei nedlegging av ungdomssteget på Skei utvilsamt vil føre til redusert etablering og påfølgjande reduserte barnetal på Skei, er det neppe noka overdriving å gå ut frå at tiltak D vil fungere som eit reint avfolkingstiltak for Stardalen. Spørsmålet for kommunen blir: Kvar vil komande årgangar med fruktbare stardølingar etablere seg dersom kommunen har gjort Stardalen til ein stad der det er uråd å få ungar? Vil dei i det heile teke busetje seg i Sunnfjord? Og om dei gjer det, vil dei busetje seg ein stad der dei har plass og råd til å lage like mange ungar som dei ville gjort om dei kunne bu i heimegrenda – og vil dei ha lyst til det?

Det berande elementet i tiltak D er å leggje ned ungdomssteget i ein skulekrins der elevtala er stabile, for å fylle på med elevar i ein annan skulekrins, der elevtala er i sterk tilbakegang. Ein direkte konsekvens av dette vil vere at elevtala snart stupar i *begge* krinsane. Dermed vil tiltak D forsterke det demografisk-økonomiske problemet som skulestruktursaka i utgangspunktet skulle bøte på. Det heng saman med at barnetalet på Skei vil nødvendigvis lide av at det lokale skuletilbodet blir svekt, samstundes som dette vil ikkje kome Vassenden til gode, fordi barnetalet på Vassenden først og fremst handlar om kor mange ungar vassendarane set til verda. Det talet er i sterk tilbakegang sjølv om dei har både barne- og ungdomsskule på Vassenden, og tilbakegangen deira må derfor ha andre årsaker, som ikkje heng saman med kor mange elevar som pendlar inn til ungdomsskulen i krinsen.

6.5 Tiltak D kan føre til auka sosiale kostnader på sikt som følgje av svekt folkehelse

Når ungdommane får lang og passiv skuleveg, jamfør punkt 2.6 ovanfor, vil det kunne påverke folkehelsa negativt i åra og tiåra som kjem, både når det gjeld fysisk og psykisk helse. Dette er mellom anna tematisert i høyringssvaret frå Britt Eva Heggheim, som eg har referert til ovanfor, men eg tillèt meg å føye til følgjande informasjon frå Statens vegvesen sine informasjonssider om aktiv skuleveg:⁸

«Forskning viser at elever som reiser med bil eller buss til skolen har dårligere helse enn elever som går eller sykler. Det er påvist en klar sammenheng mellom bruk av skoleskyss og nedsatt balanse og bevegelighet i rygg og hofter [...] Risiko for

8 Statens vegvesen – «Aktiv skolevei»: <https://www.vegvesen.no/nn/fag/fokusomrade/baerekraftig-mobilitet/barn-og-ungdom/aktiv-skolevei/>

ryggplager halveres for hver kilometer barn går eller sykler.»

Dette perspektivet kunne med fordel ha kome tydelegare fram i saksunderlaget, og ikkje minst i kalkylane av kva kommunen ser føre seg å spare på å sende fleire elevar over lange distansar med buss. Den innsparinga kjem ikkje nødvendigvis utan både menneskelege og økonomiske kostnader for kommunen på lengre sikt.

6.6 Tiltak D kan svekkje beredskapen og tunneltryggleiken

Eg viser til høyringssvaret frå Bjørn Steinsund, som har lang erfaring frå brann- og redningstenesta:

«[F]or å rekruttere mannskap til brannstasjonane vi har i heile Sunnfjord, er vi avhengig av at folk bur og jobbar i bygdene og i nærleiken av brannstasjonen. Dersom ein vel og bygge ned skuletilbod, vil rekruttering / nyetablering av arbeidskraft og personell til brann og redningstenesta være svært vanskeleg, og avstand for støtte frå næraste stasjon verte uakseptabel lang.»

Til liks med andre brannstasjonar fyller brannstasjonen på Skei viktige generelle brannverns- og beredskapsfunksjonar i lokalsamfunnet. Ein tilleggsdimensjon ved brannstasjonen på Skei er nærleiken til lange vegtunnelar. Kjøsnestunnelen (8,5 kilometer) ligg rett rundt svingen, og innanfor rekkjevidd ligg dessutan den eldre og brattare Fjærlandstunnelen (6,4 kilometer), der det har vore fleire hendingar knytte til brann og steinnedfall dei seinare åra. Ved ei eventuell rassikring av Våtedalen, som ligg inne i tunnelporteføljen til Vegvesenet, kan vi forvente ytterlegare ein lang tunnel på 3–5 kilometer i nærområdet.

Skadepotensialet ved brann eller trafikkulukker i tunnelar kan vere svært omfattande, og konsekvensane ved lang utrykkingstid og svekt beredskap er det berre å førestille seg. I så måte vil det vere uklokt å svekkje grunnlaget for rekruttering til ein brannstasjon som ligg nært fleire lange og tungt trafikkerte tunnelar.

Overordna merknader til skulestruktursaka

Kommunen bør tenkje nøye over kor mykje ein faktisk skal kutte i tilboda til barn og unge for å finansiere eldrebølgja. Kutta kan fort ende opp med å forsterke det problemet kommunen prøver å løyse (sjå punkt 6.4).

Kommunen bør lande ein struktur som kan stå seg over mange år, og som toler noko variasjon i fødsels- og elevtal. Stadig gjentakande strukturendringsprosessar er opprivande for lokalsamfunna og menneska som bur her, og det er eigna til å skremme bort potensielle tilflyttarar og heimflyttarar (sjå punkt 3.1 og 3.2) så vel som kvalifiserte lærarar.

I dei vanskelege avvegingane som struktursaka inneber, *må* kommunen leggje særleg vekt på å unngå dei mest alvorlege konsekvensane for elevane. Same kvar ein legg ned skular, vil det ha større eller mindre negative ringverknader for lokalsamfunnet, men nokre stader vil konsekvensane for *elevane* bli veldig mykje større enn andre stader. Eg viser i den samanheng til side 20 i hovuddokumentet, der kommunen skriv:

«Når vi vurderer endringar i grunnskulestrukturen, er det avgjerande å setje barnets beste i sentrum av alle avgjerder. Prinsippet om barnets beste er forankra i Grunnloven

§ 104 og FNs barnekonvensjon artikkel 3. Dette pålegg oss eit ansvar for å sikre at barn sine interesser ikkje blir underordna andre omsyn i saker som påverkar dei, direkte eller indirekte.»

Eg vil understreke at det å sikre barn sine interesser, og det å setje det beste for barnet i sentrum, inneber å vurdere kva for nokre av barnet sine interesser som må vege tyngst. Til dømes kan ikkje fordelene av å kunne velje mellom eit par fleire valfag vege opp for ulempa ved å få for lite søvn eller vere avskoren frå å delta på fritidsaktivitetar som følgje av altfor lang reiseveg.

Beste helsing

Vebjørn Sture

Årdal i Jølster, 9. februar 2025